



Utsikt frå Nasakamben

(Foto: Bård Svardal)

## Ein stig med fleire moglegheiter!

Allereie på parkeringsplassen på Bakketeigen har turgåarane flott utsikt, men det kan altså bli endå bedre. Frå parkeringsplassen er stigen bratt og steinete i byrjinga. Etter ca. éin times gange står det skilta til Nasakamben. Det er noko bratt stigning heile vegen, men når ein fyrst er komen på toppen blir ein belønna med storfelt utsyn over Strandafjorden og austover i dalen. Det kan vere lurt å passe ekstra godt på borna i dette bratte terrenget.

Frå Nasakamben går det ein lett stig til Orreleiksmyra. Ta gjerne stigen om Dekkadn attende til parkeringsplassen, og bruk kartet! Frå Orreleiksmyra, like vest for Nasakamben, har du fleire turmoglegheiter.

Tett inntil stigen langs Strandaberget ligg det kôlgroper frå ca. 800–1000 e.Kr. Der finn du og Ljøtehol, som er heile 90 m djup. Denne er sikra.

Ei segn om Ljøtehol fortel om at ein kalv med bjelle skal ha falle ned i hola. Etter ei stund kunne visst folk høyre bjella skrangle rett under jorda ved garden Strand, som ligg fleire hundre meter fra hola. Ein annan versjon av same segna fortel at kalven seinare dukka opp att i Strandafjorden.

Langs vegen opp til Bakketeigen kan du ta ein avstikkar opp Verpebakken. Der finn du Fangeliv sin rettarstad. Liv Enbegretsdotter frå Arnegard i Vats var den siste som vart avretta i Hallingdal i 1734, skulda for å «føde i dølgsmål og sit foster med Villie hafde dety ombragt». Ho vart dømd «til at miste sin Hals og hendes Hoved at sættes på en Stage, som hendis Hovedblod at have forbrudt.» Hovudet hennar vart sett på ei stong for å åtvare dei levande.

Ho nekta heile tida for ugjeringa.



Fylg Sundrevegen vestover over bru og opp Nossvegen til høgde. Fylg denne til topps til Bakketeigen.



God parkering ved bommen i enden av Nossvegen.



Nossvn–Nasakamben ca. 3km.



Flott utsikt og moglegheiter til å studere svært gamle kôlgroper.



Vanlege stigar med noko stigning inn til Orreleikmyra same kva løype du vel. Dei austlege stigane har barskog, medan du oppe i høgden vil gå i fin bjørkeskog. Stigane er for det meste lette å gå.

**For meir detaljert kart:**  
Reineskarvet eller Vestlia/Sangefjell